

Driveplikt - Oppfølging av regelverket

Kommune: Alver Kontaktperson: Laila Bjørge	
Har kommunen fått oversikt over landbrukseigedomar som ikkje er i drift?	Ja
Er kommunen komme i gang med å velje ut eigedomane de vi kontakte om mulig manglande drift?	Nei
<p>Korleis tar de kontakt med eigarane?</p> <p>Me er dessverre ikkje i gang med dette arbeidet enno, men har kontakt med mange grunneigarar i gjennom anna sakshandsaming og rettleiing. Driveplikt er alltid ein sentral del i samtalar om eigedomsoverdragingar.</p> <p>I samband med handsaming av konsesjonssøknader vert minna om drivepliktsreglane i saksutgreiinga.</p> <p>Det er mange eldre folk som framleis trur at driveplikta berre gjeld i 5 år slik som før.</p> <p>Gjennom SMIL ordninga gjer me tilskot til å få areal i drift att. Nye bønder er prioritert dei første 5 åra. Me opplever at mange av bruka som har vorte selt dei siste åra kjem i drift att på grunn av dette.</p>	

Korleis følgjer de konkret opp eigarar med jordbruksareal som ikkje er i drift?

Dersom me får melding om manglande driveplikt sender me først ei brev og ber om forklaring. Vanlegvis føl me opp svaret med ei synfaring der me informerer om regelverket og ser etter løysingar.

Dei siste to åra har me for å kontrollera areal i drift på produksjonstilskot søknader brukt dronekontroll. Me vel ut eit område i kommunen på 2 km², og får dette filma i aug/september same år. Det vert georefert og lagt inn slik at me kan leggja på AR 5, eigedomsgrenser m.m. Me går gjennom areala som dei ulike bøndene driv, men får og ei god oversikt over kor det kan vera areal ute av drift. Dette er eit nyttig, men kostbart verktøy.

Får kommunen inn jordleigeavtaler?	Ja
Har de praksis på å godkjenne leigeavtaler?	Me sjekkar avtalane og arkiverer dei, men sender ikkje ut noko formell godkjenning.
Er aktive gardbrukarar interessert i arbeidet de gjer for å følgje opp driveplikta og krav om skriftleg avtale på leigejord?	Ja, men hjelper ganske mange med å få skriftlege avtalar.
Kjenner kommunepolitikarane til i arbeidet de gjer for å følgje opp regelverket som gjeld driveplikt ?	Problemstillinga med at det er ein del areal ute av drift er presentert for dei.

Anna de vil melde tilbake til oss:

Alver er ein stor jordbrukskommune med 86 000 daa jordbruksareal, og det er ein omfattande jobb om dette skal arbeidast meir systematisk med det enn i dag.

Denne hausten har me jobba med kjerneområde landbruk, for det var trong for oppdatering av kunnskapsgrunnlag til det pågåande kommuneplan arbeidet. Det har tatt mykje tid.

Mangel på personalressursar er hovudårsaka til at det ikkje har late seg gjera, men og at fokus har vore på å ta vare på dei som driv. Det er ikkje mykje hjelp i å ta vare på jorda, visst det ikkje er bønder att til å driva den.